

## Hov i Vingrom (gnr. 27-28)

Hov: Namn som viser til det førkristne gudehuset hovet, som låg her ein stad. Sikkert var det da fleire gardar og grend her. Skrivemåten av namnet har vore ustø og skiftande, men som regel slik at det var godt kjenneleg.

I skrivne kjelder frå mellomalderen finn ein garden omhandla i diplom av 1396, og der er vidare fortalt at her "a Hofue" var og stemmestad, truleg tingstaden i grenda. Frå kring år 1450 går det så i Aslak Bolts jordebok tydeleg fram at Hov saman med fleire andre Vingrumsgardar var vorte bispegods og låg til erkebispem i Nidaros. Ved reformasjonen i 1536 kom så bispegodset under Kongen og vart etter kvart administrert av Akershus len. Ja, slik gjekk det til at Akershus lensrekneskap frå denne tid også vart ei særskild verdfull kjelde når det gjeld garden Hov i Vingrom.

Garden Hov er elles nemnt også i manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528, og brukaren på Hov er da kalla Anbiørn Hoff. Han svara da den utskrivne sølvskatten med 1 lod sølv, som var den vanlege utlikninga for dei største gardane. Ein merker seg vidare at det her berre er ført ein brukar frå Hov, så det ser ut til at dette måtte vera før garden var delt.

I Akershus Lensrekneskap for 1557-58 legg ein vidare merke til at Hov just er ført i gruppa for "Erkebispens gods", og landskylda av Hov var 3 huder og 2 bismerpund fisk, som tilsaman var ei stor landskyld, så garden var nok enda udelt. Under "Sagefaldet" innbetalte bøter finn ein elles fortalt at ein mann ved namn Eivind Hoff "stall nogitt madt fra 2 mandt", og for det måtte dei bøte "5 daler 1 koo".

Av år 1604 har ein ei liste over "Tiendekorn" frå 76 gardar i Fåberg. Blant dei var det da to gardar som stod i særklasse og svara så mye som 6 tønner i tiendekorn kvar, og dei to gardane var Hov og Røyne. Nærast etter kom Øyre med 4½ tønne.

Sju år seinare er i 1611 brukaren på garden kall "Niels Hoff", og han er tydeleg ført i gruppa for "Leylendinge" saman med m.a. "Gunder Rønne" og "Amund Bore". Men i 1621 hadde det vore brukarskifte på Hov og "Joen Houff" hadde tatt over og var visstnok framleis bygsjar og brukar av heile garden.

Etter atter tre år kom så i 1624 den store endringa at garden vart delt mellom Jon og Tosten slik at Jon tok over eit Hov av skyld "1 hud 1½ pd. fisk i Hoff og ½ hud i Hattestad Ødegaard", medan Tosten tok over det andre halve av Hov. Av odelsmannsjordeboka av 1624, altså same året, går det elles fram at Tosten og var jordeigande bonde og åtte m.a. jordegods til ei ½ huds skyld i Alm på Ringsaker, 3 skinn i Opsal i Gausdal og 4 skinn i Gullen i Gran. Ein merker seg elles at skrivemåten av gardnamnet Hov i den tid var "Hoff", men at endinga "ff" truleg vart uttala "v", som nå.

I skattelista for 1645 går det tydeleg fram at det da var mannleg brukar på den eine Hovsgarden, men kvinneleg brukar på den andre. I alt vart det da svara skatt for 8 vaksne personar på Hov, og dei var fleire enn på nokon annan gard i heile Fåberg. Nærast kom "Ertzgaard" med 7 personar.

Tolv år seinare hadde det i 1657 vore brukarskifte på gardane, og husdyrhaldet hos Anders Hoff er da oppgitt til: 1 hest, 2 hopper, 13 naut, 5 geiter, 20 sauer og 3 griser, i alt 44 dyr, og

samtidig er det så oppgitt at dei tilsvarende tal hos Iffuer Hoff var: 1 hest, 3 hopper, 18 naut, 28 sauer, 6 geiter og 2 griser, i alt 58 dyr.

I mannkjønnsmanntalet av 1665 er det dessutan fortalt at med fullt namn heitte brukaren på det eine Hov egentleg: "Iffuer Thostenson Hoff" og var da 41 år, og brukaren på det andre Hov heitte med fullt namn: "Anders Jonsen Hoff" og var 39 år.

Ein merker seg elles at Hov da var "Hovedrytterkvarter", og at Anders var rytter, men brukte og sin halve part av garden.

Etter desse felles opplysningar om Hov i Vingrom før det vart delt, går vi så over til å sjå litt nærare på saga åt dei to Hovsgardane kvar for seg. Vi held oss da til matrikkelen og fortel først om gardsnummer 27.

### Hov søre – Sør-Hov

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Hoff" søre fortalt at garden framleis var "Kongens Alene", og at landskylda der framleis var 1 hud 1½ pnd. fisk, men den kunne og krevjast inn i 4½ pnd. smør. Buskapen av store husdyr var da 4 hestar og 22 naut, og korntienda vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Vidare er det om garden og gardsbruket fortalt at "Engen er goed, choug till gaardtz Nøtte, Noget Brotteland, Sommerbeed i Lorthoellsetter". Og bygslar og brukar der var da "Iffuer", Iver.

Men i år 1695 var krongodset Hov søre vorte selt, og kaptein Jens Leegaard og Arne Werdelman gav da skjøte vidare på "grd. Hof av skyld 1 hud halvsivende skind og halvanden bismerpnd. fisk" til Peder Olsen.

Peder Olsen, som dermed tok over som eigar og brukar av søre Hov, gifta seg med Guri Christensdtr., og dei fekk 5 born, nemleg: a. Erich f. 1700, b. Ole f.1703, c. Imbjørg, gift med Jon Rindal, d. Beret gift med Johs. Jacobsen Hoven, e. Christen som var vanfør.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Hoff med Hattestad og Field Engeland" fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten er god "dog noget tørlent". Buskapen her på søre Hov var da 4 hestar, 20 naut, 20 sauer og 10 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 7 tønner bygg og 1 skjeppe rug. Det var heller lite med skog til garden, men setra Lortholoa hadde god hamn. Vidare er det og oppgitt at garden alt da hadde to husmannsplassar, og av dei den eine med brukande jord.

Men i 1732 var husbonden Peder Olsen død, og det var arveskifte på "Hof søndre i Lillehammer i Faaberg". Ved dette skiftet er det elles oppgitt at jordegodset i arvebuet da var 2 huder 6½ skinn, og at arvingane ved skiftet var forutan enka Guri Christensdtr. dei 4 før nemnde borna. Samtidig med skiftet gav så broren Ole Pedersen og svograne Jon Rindal og Johannes Hove skjøte til odelsarvingen broren Erich Pedersen, som da var 32 år.

Erich Pedersen f. 1700 som dermed tok over som husbond, hadde i 1732 gifta seg med Beret Pedersdtr. Bolleng f. 1713, og dei fekk i sitt ekteskap fire born. Dei var:

- a. Peder f. 1733, død same året,
- b. Peder f. 1734, død same året,
- c. Guri f. 1735, gift 1753 med Christen Olsen Raanrud,

d. Sønnøv f. 1740, gift 1757 med Ole Rasmusen Besrud.

Men alt same året, altså i 1740, døde og husbonden Erich Pedersen, og det var da atter dødsbuskifte på "Hov Øvre i Faaberg", som garden her er kalla. Ved dette skiftet var jordegodset i buet, Hov av skyld 2 huder 1½ skinn, taksert for 400 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1285 rd. og netto 1261 rd., så det var framleis velstand i ætta.

Enka Beret Pedersdtr. gifta seg så i 1741 oppatt til sitt 2. ekteskap og da med Engebret Poulsen nordre Hov f. 1716. Dei fekk og i sitt ekteskap 4 born, nemleg:

- a. Marit døypt 24.02.1743, gift 1762 med Halvor Olsen Jevne
- b. Erich, f. 1745, gift 1780 med Anne Jonsdtr.
- c. Anne f. 1749, gift 1783 med Valentin Valentinsen
- d. Paul f. 1752

Av år 1767 er ei sak som fleire gonger var fore på tinget, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

"Hov i Fåberg.

Fåberg 31. mars 1767.

Fogden lot melde at lensmannen Christen Simensen er beordret på politi måte å innstevne Peder Gundersen Hofstuen, husmann under grd. Hov fordi han holdt drikke og dansestue til ungdommens forførelse og ugudelige formerelse. Til like er indstevnt gamle Ole Amundsen og enken Marit, begge værende i Borudstuen.

Innstevnte Peder Gundersen gives laugdag til sommertinget.

Fåberg 19. juni 1767.

Saken stilles i bero til høstetinget.

Fåberg 9. okt. 1767.

Efter fogdens begjæring utsattes saken til vårtinget.

Fåberg 19. febr. 1768.

Efter fogdens forlangende utsattes saken til sommertinget.

"Hov i Fåberg.

18. juni 1768.

Fogden kontra Peder Gundersen Hofstue, husmann under Hov fordi han har holdt drikke og dansestue m.m. Fogden deklarerer at denne sak var opphevet, da innstevnte i mindelighet har rettet opp for sig."

Engebret Poulsen og hustru Beret Pedersdtr. hadde visstnok Sør-Hov til i 1772, da det og var skifte i buet deira på "Hof Søndre i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset Hov av skyld 1 hud 6½ skinn 1½ bismerpund tunge verdsatt til 550 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1172 rd. og netto 897 rd. Så å seia samtidig fekk odelsarvingen Guri Erichsdtr. Hov og mannen hennar, Christen Raanerud, søskenskjøte på grd. "Haaf", da av skyld 1 hud 6½ skinn for kjøpesum 550 rd. Dei hadde elles ættegarden Hov søre berre i fire år til i 1776, da dei selde "grd. Haav" til Ole Larsen Kolstad frå Ringebu for 1480 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på/eller ved Sør-Hov. Ein skyt her elles inn at dei nye husbondsfolka som da nyleg hadde tilhandla seg garden var:

Peder Christophersen Bolleng og hustru Mari Jonsdtr. Engeland, som da hadde to born og hadde overtatt og flytta inn på søre Hov. Dei fire familieane på garden i 1801 var elles:

1. familie: 1. Peder Christophersen, husbonden, 59 år  
2. Mari Jonsdtr., kona hans, 43 år  
3. Christopher Pedersen, son deres, 15 år  
4. Jon Pedersen, son deres, 12 år  
5. Amund Larsen, ”Gevorben Soldat”, 21 år  
6. Ole Andersen, tenestkar, 15 år  
7. Kari Larsdtr., tenestkvinne, 40 år  
8. Karen Olsdtr., tenestkvinne, 25 år  
9. Sønnøv Johannesdtr., tenestkvinne, 13 år
2. familie: 1. Rasmus Nielsen, husmann med jord, 55 år.  
2. Anne Olsdtr., kona hans, 50 år
3. familie: 1. Christen Knudsen, husmann med jord, 64 år  
2. Rønnoug Olsdtr., kona hans, 65 år
4. familie: 1. Jens Olsen, husmann med jord, 41 år  
2. Anne Thostensdtr., kona hans, 40 år  
3. Ole, son deres, 8 år  
4. Thosten, son deres, 5 år  
5. Kari, dotter deres, 3 år  
6. Martha, dotter deres, 1 år  
7. Kari Endresdtr., enke, ”Inderste og nyder Almisse”.

To år seinare gav den 31. desember husbonden Peder Christophersen Hov skjøte til eldste sonen sin Christopher Pedersen på ”grd. Hov med underliggende Eiendele Hattestad og Field tillikemed halvdelan av fiskevarpet Brøttet kaldet. Med salget følger alle hester og kreaturer, kjøpesum 1199 rd.”

Fiskevarpet Brøttet og fisket der er og omhandla i ei sak av 1. oktbr. 1804. Saka har elles etter utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

”Brøttet fiskeri.

Forening Dat. og tgl. 1804, oktober 1. mellom Peder Christophersen Hoff (Haav) og Kari Erichsdtr. Ersgaard med laugverge Erich Iversen Ersgaard ang. dette fiskeri i Laugen Elv. Iver Torgersen Ersgaard hadde iflg kontrakt av 18. juni 1796 tilhandla sig 1/6 av dette fiskeri. Da Iver Torgersen nu er død, skal hans enke bemeldte Kari Erichsdtr. nyde 1/12 herav. Når det fiskes så meget, skal hun ha 2 kvarter lagsild, men når det ikke fåes så meget, må hun nøie sig med det som kan fåes, fiskerne må dog ha det de trenger. Når Kari Erichsdtr. dør, tilfaller denne 1/12 hennes arvinger. Når alle arvingene er døde faller denne 1/12 tilbake til gården Haav. (Arvingerne må efter hvert som de dør levere sin anlod av dette fiskeri til Haav)

Christopher Pedersen f. 1785 som i 1803 overtok farsgarden søre Hov, gifta seg i 1810 med Sessel Pedersdtr. Kindlien f. 1792, og dei fekk 3 born, nemleg:

- a. Marit f. 1812, g. 1842 med Simen Svendsen f. 1820,
- b. Pernille f. 1816
- c. Kristian f. 1831

I mellomtida skjedde så i 1818 den store endringen at Christopher Pedersen selde det halve av søre Hov til Frantz Landgraf, og at denne fråskilte halvparten av garden, Hov av skyld 8½

skinn 18 merker fisk, straks fekk namnet Midtre Hov ell. Hov midtre. Dette namnet er såleis alt tatt i bruk i matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 der er det såleis om matrikkelnummer 51 "Haaf Søndre" da oppgitt at husdyrhaldet av store husdyr der da var: 2 hestar og 10 naut, og at den årlege kornavlinga var ca. 40 tønner. Dei same tal er og oppgitt for matrikkel nr. 52 "Haaf mittere" Men i 1830 var det atter Christopher Pedersen som hadde heimel på Hov midtre, som han da skjøta til Peder Svendsen Hov f. 1804.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn og fisk og smør skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 51 "Hof søndre" fekk da som si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar 2 ort 1 skilling, og dette Hov var da overtatt av Ole Engebregtsen. Samtidig var den nye matrikkelskyld på grd. "Hof mittre" og sette til 5 skylddalar 2 ort 1 skilling, og dette Hov var det da framleis Peder Svendsen som var eigar og brukar av.

Husbonden Peder Svendsen her på Midtre Hov hadde i 1834 gifta seg med Kristine Olsdr. Døsen f. 1816, og dei fekk i sitt ekteskap fleire born. Dei var:

- a. Ole f. 1834, b. Berte f.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om løpenr. 51 Hov, som Ole E. Hov i den tid hadde, oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 238 mål, og av dette var 91 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Hov søndre da var: 3 hestar, 18 storfe og 18 småkrøter, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsaman: 4 storfe og 5 småkrøter. På løpenr. 52 Hov midtre med Ole Pedersen Hov som eigar og brukar var derimot dei tilsvarande jordbruksareal i alt: 233 mål, og derav av 1. klasse 92 mål. Samtidig var husdyrhaldet på sjølve garden Hov midtre: 4 hestar, 14 storfe og 16 småfe, men dertil var det på plassane til garden: 3 storfe og 5 småfe.

Tre år seinare fekk i 1868 Oluf Olsen Hoff heimelsbrev på grd. Hof søndre og halvdelen av Ovrengedegaard for kjøpesum tilsm. 1600 spd.

År 1886 om den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Hov søndre" fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 27 av samla skyld 22,59 mark og det var da 3 bruksnummer under gardsnr. 27 Hov søndre. Dei 3 bruksnr. var:

- a. Gnr. 27 brn. 1 Hov søndre av skyld 11,23 mark, som Oluf Olsen framleis var eigar og brukar av
- b. Gnr. 27 br. 2 Hov Mellem av skyld 10,73 mark, som Ole Pedersen framleis var eigar og brukar av.
- c. Gnr 27 brn. 3 sæter av skyld 0,63 mark, som Jørgen Kristiansen Rindal da hadde tilhandla seg.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at i mellomtid var grn. 27 Hov sørre vorte utskifta i alt 11 bruksnummer, som var:

- a. Grn. 27 brn. 1, 2 og 3 Hov søndre, Hov mellem og Sæter av samla skyld 12,30 mark, som Jul Viste da hadde kjøpt og framleis var brukar og eigar av.
- b. Grn. 27 brn. 4 Engen, skyld 0,54 mark, som Ole Olsen Borud hadde overtatt.
- c. Grn. 27 brn. 5 Hovslien skyld 1,27 mark, som G. Olsen Rogndokken hadde kjøpt

- d. Grn. 27 brn. 6 Hovs-Ødegaard skyld 2,54 mark med Ole Evensen Hoffssødegaarden som ny ieigar og brukar.
- e. Grn. 27 brn. 7 Hov nedre av skyld 2,34 mark, som Olaf O. Hoff hadde kjøpt.
- f. Grn. 27 brn. 8 Hovslien søndre, skyld 1,34 mark, eigar og brukar Peder Dalum
- g. Grn. 27 brn. 9 Hovs-Ødegaard søndre, skyld 1,79 mark, som var selt til Ole Brandser
- h. Grn. 27 brn. 10 Skjørperud av skyld 0,22 mark med eigar Mathias Johannessen.
- i. Grn. 27 brn. 11 Strandjordet av skyld 0,35 mark, som Amund Olsen Hoff hadde overtatt.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 ni personar med røysterett på og/eller ved garden, 27 Hov søre. Dei var:

1. Kristian Jørgensen, gardbrukar 36 år
2. Oluf Olsen, Inderst, 43 år
3. gardbr. Jul Olsen Viste, Hov midtre
4. husmor Marit Knutsdatr., kona hans, 38 år
5. arbeidar Simen Kristiansen, Hov midtre
6. husmor Kristine Kristiansdtr., kona hans, 42 år
7. sjølveigar Peder Hansen Dalum 52 år
8. tømmerarbeider Ole Pedersen, Hovslien
9. sjølveigar Gudbrand Olsen Rogndokken, Hovslien, 35 år

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under grn. 27 seks bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 6 bruk var:

- a. Grn. 27 brn. 1, 2, 3 Hov midtre med eit jordbruksareal på ca. 130 mål, som Olav Viste da var eigar og brukar av.
- b. Grn. 27 brn 4 Hovsenga, jordbruksareal 15 mål, som Kr. J. Hovsengen da var eigar og brukar av
- c. Grn. 27 brn 6, 17 Hoffssødegård, jordbruksareal ca. 50 mål, som Bernt Hoffssødegård var eigar og brukar av.
- d. Grn. 27 brn. 7 Nedre Hoff, jorbruksareal ca. 30 mål, og med Kristian Hoff som eigar og brukar.
- e. Grn. 27, 24 brn. 8, 2 Hoffslien, jordbruksareal ca. 25 mål, eigar og brukar O. P. Dahlum
- f. Grn. 27 brn. 12 Solheim, jordbruksareal ca. 30 mål, som Tobias Solheim da var eigar og brukar av.

Etter dette går vi så over til å sjå litt nærare på saga til grn. 28:

## Hov nordre – Nord-Hov

År 1668 kom som før nemnt den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om dette Hov tydeleg fortalt at garden framleis var ”Kongens Aleene”, at landskylda framleis var 1 hud 1½ bismarpund fisk, og at bygslar og brukar der framleis var Anders. Buskapen av store husdyr var da 4 hestar og 22 naut, og korntienda vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årleg kornavling på 30 tønner. Det er elles opplyst at enga, innmarka, var god, at det var skog nok til gards bruk, at det og var eit ”Brotteland”, jord rydda ved bråtebrenning, og at ”Hoff” alt da hadde seter og sommarbeite for krøtera på ”Loerthoell” seter.

Av same året, altså 1668 er og ei eigenarta sak som vart lyst ved tinget på Mælum den 11. april 1668, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Hoff i Faaberg”.

Mellem i Faaberg 11. april 1668.

Anders Hoff lot fremstille en person ved navn Laurs Knudtzen, født i Kristiansand, som har tjent hos ham et års tid og har stjålet 3 rd., 1 skorte m.m. fra Torger Hof.

Laurs Knudtzen bør efter loven fare fredløs. Den bekostning lensmannen har hatt bør Torger Hoff betale mot tyvekosternes annammelse”.

Fleire nyare opplysningar kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Hoff med Hattestad og Field Engeland” vidare fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er ”temmelig god dog noget tørlent”. Buskapen på garden var da 4 hestar, 20 naut, 20 sauer og 10 geiter, og den ”årlege utsæd av korn var kring 7 tønner bygg og 1 skjepe rug. Det var heller lite med skog, men setra hadde god hamn og høyavlinga utgjorde kring 40 lass. Den største forandring på garden i den tid var elles at den nye brukaren der, Paul Olsen, ikkje berre var brukar, men og eigar av garden. Av andre kjelder veit vi elles at same Paul Olsen Hoff var ein bror av Ole Olsen Lundgaard, Amund Olsen og Eli Olsdtr, som var gift med Siver Pedersen Præsterud.

Men i 1742 var det sonen Ole Paulsen Hoff som hadde tatt over som brukar på Nord-Hov. Han fekk da skjøte av Ole Jevne på ”hans eiende anpart, 3/5 skind, i Fløyten engeland for 15 rd.” Og fire år seinare fekk i 1746 broren Ole Paulsen søskenskjøte på ættegarden. Dette skjøtet har elles etter utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

”Haaf.

Skjøte dat. 14. april 1746 tgl. 15. juni s.å. Fra Engebret Paulsen Haaf og Jon Paulsen Nordhoven i Fåberg prestegjeld til eldste bror Ole Paulsen på deres arvelig tilfalne 1 hud 8 skind i gården Haav Nordre Stue for sum 240 rd. Kjøperen skal svare føderåd til deres foreldre så lenge disse lever. Ole Paulsen er nu eneeiende sin odels- og åsedesgård Haaf der skylder 2½ hud.”

Ole Paulsen brukte så nordre Hov til han døde i 1773, 59 år gamal, og det var da atter arveskifte på ”Hof nedre Stue i Faaberg” som garden der er kalla. Ved dette skiftet vart jordegodset i buet nemleg: ”Hof med underliggende Hattestad og Fjeld der i alt skylder 2 huder 1½ skd. Taksert for 500 rd. og arvebuet utgjorde brutto 1840 rd. og netto 1705 rd., som

nærast var stor velstand i den tid. Arvingane ved skiftet var forutan enka Randie Amundsdr. dei 4 borna i ekteskapet:

1. Marit, da gift med Amund Torgersen Ersgaard
2. Elie, 19 år
3. Sønnøv, 15 år
4. Guri, 9 år

Samtidig fekk så svogeren Amund Torgersen, som var gift med dottera Marit Hov, skjøte på ”hele gården Hof Nedre Stue” for kjøpesum 500 rd. Men den nye husfrua Marit Olsdr. døde alt fire år seinare, og det var da atter arveskifte, men da på ”Nordre Haav”, som gardnamnet er skrive. Ved dette skiftet er det elles opplyst at avdøde Marit og Amund Hov hadde eitt barn i ekteskapet, dottera Eli, som da var 9 år.

Husbonden enkemannen Amund Torgersen Hof gifta seg i 1779 oppatt med Berte Asbjørnsdr. Hammerseng og brukte garden til i 1799, da han skjøta Hov nordre over til svigersonen Ole Olsen Smed, som da var gift med dottera Eli Amundsdr.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Hov nordre. Dei 4 familiane var:

1. familie:
  1. Ole Olsen, husbonden, 37 år
  2. Eli Amundsdr., kona hans, 23 år
  3. Amund Olsen, sonen deres, 1 år
  4. Peder Pedersen, tenestkar, 24 år
  5. Hans Mortensen, tenestkar, 18 år
  6. Sidsill Olsdr., tenestkvinne, 50 år
  7. Eli Thorgersdr., tenestkvinne, 20 år
  8. Mari Paulsdr., tenestkvinne, 17 år
  9. Aasta Jensdr., enke, ”Nyder Legd”, 80 år
2. familie:
  1. Amund Torgersen, føderådsmann, 55 år
  2. Berthe Asbjørnsdr., kona hans, 43 år
  3. Thorger Amundsen, son deres, 18 år
  4. Asbjørn Amundsen, son deres, 16 år
  5. Marit Amundsdr., dotter deres, 19 år
3. familie:
  1. Hans Jonsen, husmann med jord, 50 år
  2. Rønnaug Nielsdr., kona hans, 47 år
  3. Thorger Hansen, son deres, 11 år
  4. Niels Hansen, son deres, 8 år
  5. Johanne Hansdr., dotter deres, 6 år
4. familie:
  1. Jacob Larsen, husmann med jord, 32 år
  2. Aasta Svendsdr., kona hans, 38 år
  3. Lars, son deres, 3 år
  4. Ragnhild, dotter deres, 10 år
  5. Kari, dotter deres, 5 år
  6. Anne, dotter deres, 1 år
  7. Anne Halvorsdr., mor til kona, ”Inderst nyder Almisse, 71 år

Men i 1806 var den unge husfrue Eli Amundsdr. død, og det var da atter arveskifte på ”Hov nordre i Lillehammer, Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden taksert for 1500 rd., og



arvebuet utgjorde brutto 1207 rd. og netto 1195 rd. Arvingane var forutan enkemannen Ole Olsen Sundgaarden dei to borna, sønene Amund, som da var 5 år, og Ole, som var 3 år. Enkemannen Ole Olsen Haav gifta seg i 1807 oppatt med Sidsel Amundsdr. Sæter.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Haaf Nordre" oppgitt at buskapen av store husdyr da var 5 hestar og 20 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 80 tønner. Vidare er det oppgitt at det til Nord-Hov i den tid hørde 3 husmannsplassar. Av år 1821 er elles eit skjøte der Amund Torgersen Hoff selde og overdrog til Asbjørn Amundsen 1/12 av "lagesildfiskeriet i Brøttet kaldet" for 25 rd.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn og fisk og smør skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 53 "Hof nordre med Hattestad og halve Fjeld" fekk da som si nye matrikkelskyld: 11 skylddalar 1 ort 22 skilling, og det var i 1838 framleis Ole Olsen som var oppsittar på Hof nordre. Men to år seinare skjøta i 1840 faren Ole Olsen ættegarden nordre Hov over til sonen Amund Olsen f. 1801.

Etter atter 12 år var det i 1852 skylddelingsforretning, og halve Fjeld vart da fråskilt garden Hoff og selt av Amund Olsen Hoff til Ole Jensen Fjeld for 100 spd. I denne tid var det i 1854 dessutan utskifting av Fåberg Vestfjell, der grd. Nord-Hov hadde gamle hevdvundne rettar både til hamning og hogst.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om løpenr. 53 Hof nordre fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 334 mål, og av det var 126 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden nordre Hov i den tid var: 4 hestar, 21 storfe og 21 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til Nord-Hov: 7 storfe og 10 småfe. Ført på same måten var den årlege utsæd i den tid på sjølve grd. Nord-Hov: ca. 13 tønner korn og 18 tønner settepoteter, men dertil var utsæden på plassane til garden tilsm.: ca. 2½ tønner korn og 3 tønner settepoteter.

Amund Olsen Hoff som overtok garden i 1840, brukte så Nord-Hov til i 1869, da han skjøta ættegarden over til sonen Ole Amundsen Hoff for kjøpesum 1211 spd. + eit føderåd verdsett til 300 spd.

Frå tidsrommet 1870 til 1891 er fleire tinglyste saker av felles interesse. I 1870-71 var det såleis utskifting av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameigeskog. Av 6 år seinare er ei tinglyst kontrakt om freding av ein sameigehamnegang i Vestfjellet, og av 1891 er ei kontrakt om "veianlæg i Faaberg Vestfjeld".

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, slik at det var 100 øre i 1 mark. "Hov nordre", som garden der er kalla, fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 28 av samla skyld 17,96 mark, og det var da framleis Ole Amundsen som var eigar og brukar av garden.

Men i år 1903 skjøta så faren Ole Amundsen Hoff grn. 28 Hov nordre med Strandjordet over til sonen Amund Olsen Hoff for kjøpesum kr 12.000,-, og føderåd av 5-årleg verdi kr 3.000,-. Sitt å fortelja har og manntalet for kommunevalet i 1907. Det budde da 7 personar med røysterett på og/eller ved nordre Hov. Dei 7 personane var:

1. gardbr. Amund Olsen Hoff, 35 år

2. husmor Janna M. Hoff, kona hans, 29 år
3. føderådsmann Ole Amundsen Hoff, 66 år
4. husmor Elise T. Hoff, kona hans, 67 år
5. husmann Kristian Kristiansen, Hovslien, 44 år
6. husmor Annetta Mathiasdtr., Hovslien, kona hans, 52 år
7. husmann Peder Andreasen, Hovsbakken, 28 år

Av handlar i seinare tid med nordre Hov eller parseller av garden tek vi her elles med at i 1911 kjøpte så Johannes Kristensen grn. 28 brn. 2 Hofsdødegard av skyld 0,15 mark, og året etter kjøpte Per J. Hattestad grn. 28 brn. 3 Ødegaarden av skyld 1,35 mark. Vidare kjøpte så i 1918 Erling Bjørstad grn. 28 brn. 4 Skogheim, og samtidig kjøpte Peter Hovslien brn. 5 Hofslie av skyld 0,60 mark. Brn. 6 Spakrud vart i 1923 selt til Karl Spakrud, og samtidig kjøpte Kristian Bækkevold brn. 7 Nordsletten. I nyaste tid kjøpte så i 1947 den nåverande eigaren og brukaren Per Nyhus grn. 28 brn. 1 Nord-Hov av onkelen Amund Hov.

Ved jordbruksregistreringa av 1938 var det under grn. 28 Nord-Hov da i alt 5 bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar).

Dei 5 bruk var:

- a. Grn. 28, 27 brn. 1,11 Nordre Hov med eit jordbruksareal på 190 mål, som Amund O. Hov var eigar og Edv. Vensås brukar av.
- b. Grn. 28, 19 brn. 2, 11 Hofsdødegard, jordbruksareal ca. 24 mål, som Johannes Hofsdødegård framleis var eigar og brukar av.
- c. Grn. 28 brn. 5 Hofslie nordre, jordbruksareal ca. 40 mål, som Petter Hofslie var eigar og brukar av.
- d. Grn. 28 brn. 6 Spakrud med eit jordbruksareal på ca. 30 mål, som K. Spakrud var eigar og brukar av.
- e. Grn. 28 brn. 7 Nordsletta med eit jordbruksareal på ca. 12 mål, som framleis tilhørde Kr. Bækkevold.